

## Referat frå styremøte nr. 3-2023

**Dato:** 12. mai 2023

**Tid:** kl. 10.00-12.30

**Stad:** United Future Lab Norway på Norsk Maritimt Kompetansesenter (NMK) i Ålesund og Teams

### Til stades frå styret:

*Ved fysisk frammøte:*

Styreleiar Vebjørn Krogsæter (varaordfører i Ålesund kommune)

Styremedlem Sølvi Dimmen (ordfører i Volda kommune)\*

Styremedlem Harry Valderhaug (ordfører i Giske kommune)

1. vara Lena Landsverk Sande (ordfører i Vanylven kommune)

*Digitalt via Teams:*

Nestleiar Eva Hove (ordfører i Fjord kommune)\*\*

Styremedlem Bjørn-Halvor Prytz (ordfører i Herøy kommune)

Styremedlem Monica Molvær (politikar i Ålesund kommune)

### Forfall:

Styremedlem Eva Vinje Aurdal (ordfører i Ålesund kommune)

### Frå administrasjonen i SR:

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Vegard Austnes

### Referent:

Vegard Austnes

\* Deltok på møtet via Teams kl. 10.00-10.45, og ved fysisk frammøte resten av møtet

\*\*Deltok på møtet via Teams til kl. 12.00

**Sak 19/23: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Styreleiar ønskte velkommen til møtet. Innkallinga vart godkjend.

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal orienterte om at fylkesdirektøren har gitt positiv tilbakemelding på førespurnaden frå Sunnmøre regionråd (jf. styresak 42/22) om å inngå ein samarbeidsavtale mellom fylkeskommunen og SR, og at det blir eit møte om dette i juni.

**Sak 20/23: Godkjenning av referat frå styremøte nr. 2-2023 (24.03.23)**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter

Referatet frå styremøte nr. 2-2023 vart godkjend.

**Sak 21/23: NTP 2025-2036. Høyringsvar frå Sunnmøre regionråd (SR) til Møre og Romsdal fylkeskommune.** Ved styreleiar i SR Vebjørn Krogsæter og regiondirektør i NHO Møre og Romsdal Espen Remme

Remme presenterte NHO Møre og Romsdal sine innspel til NTP 2025-2036. I styret vart det m.a. kommentert at NHO bør involvere seg i Stad skipstunnel og fronte kystvegen. Remme ville informere regionstyret i NHO Møre og Romsdal om tilbakemeldingane frå Sunnmøre regionråd.

Administrasjonen i SR hadde til styremøtet utarbeidd eit forslag til innspel til Møre og Romsdal fylkeskommune sitt høyringsvar til NTP 2025-2036. Forslaget var basert på det som styreleiar i SR spela inn på høyringsmøtet med fylkeskommunen 21. april 2023.

Styreleiar sitt innspel på høyringsmøtet var i sin tur basert det som ordførarane i deltakarkommunane i SR la fram på eit førebuande møte i regionrådet 17. april om NTP 2025-2036. Vidare var det teke omsyn til dei skriftlege innspela som SR har motteke frå ordførarane i deltakarkommunane i samband med dette møtet.

Styreleiar viste til at det er viktig at SR samlar seg om prioritering av vegprosjekt langs aksar og tenkjer langsiktig. I styremøtet vart administrasjonen sitt forslag til innspel gått gjennom punkt for punkt, og nokre formuleringar vart justert.

Vedtak: Styret vedtek innspel til Møre og Romsdal fylkeskommune sitt høyringsvar til NTP 2023-2036.

**Sak 22/23: Revisjon av strategi SR**

Ved rådgivar Vegard Austnes

Saka var ei oppfølging av styresak 12/23, der styret konkluderte med å revidere punkt 2.1. i strategien. Administrasjonen fekk i oppgåve å lage ei oversikt over komiteane på Stortinget og saker dei arbeider med.

Administrasjonen viste til at slik oversikt finst på [stortinget.no](http://stortinget.no).

**Sak 23/23: Valdebatt med Mørebenken i august/september 2023**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dagleg leiar har sendt invitasjon til Mørebenken på Stortinget om å delta i ein valdebatt i Ålesund 25. august. I tillegg foreslo dagleg leiar for styret å invitere representantar for politiske part på Stortinget som ikkje er ein del av Mørebenken til valdebatten.

Styret meinte det var ein god idé å skipe ein arena for politisk debatt, men at det var partia sine kandidatar til vervet som fylkesordførar som burde bli invitert. Alternativt kunne ein prøve å få til to debattar, ein for stortingspolitikarar og ein for fylkespolitikarar.

**Sak 24/23: Årsmelding og rekneskap 2022**

Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Administrasjonen sitt framlegg til årsmelding og rekneskap 2022 var sendt ut til møtet.

Dagleg leiar orienterte om at Sunnmøre regionråd frå 2022 har gått over til kommunal rekneskapsskikk. Det er frå 2022 tatt inn opplysningar om pensjonsforpliktingar i rekneskapen (jf. balansen og note 9).

Rekneskapen viser eit underskot på kr. 117 622,- for 2022. Underskotet var uventa, då førebelse rekneskapstal som orientert om på styremøte nr. 1-2023 viste eit overskot på ca. kr. 100 000,-.

Underskotet skuldast at ei overføring på kr. 150 000,- frå Møre og Romsdal fylkeskommune til arbeidet for nytt fengsel på Sunnmøre ved ein feil har blitt inntektsført i to tidlegare rekneskapsår. I rekneskapet for 2022 er det korrigert for dette, jf. post 1830 i note 13 Driftsrekneskap detaljert.

Når det gjaldt årsmeldinga var tilbakemeldinga fra styret at den ga god oversikt. Styret påpeika ein feil på s. 17 (punkt 11 Avslutning) der rett tal på tilsette i selskapet skulle vere 3.

Vedtak: Styret godkjenner årsmeldinga og rekneskapen for 2022. Årsmeldinga og rekneskapen vert lagt fram for representantskapet til endeleg godkjenning.

### **Sak 25/23: Kommunedeling Ålesund og Haram**

Ved styreleiar Vebjørn Krogsæter og rådgivar Vegard Austnes

Sunnmøre regionråd har fått informasjonsbrev om kommunedeling Ålesund og Haram. Noverande Ålesund kommune har meldt seg ut av Sunnmøre regionråd. Det er vedtatt av kommunestyret at både Haram og Ålesund skal fortsette å vere deltakar i Sunnmøre regionråd. Dette vil krevje vedtak i representantskapet og i alle deltakarkommunane.

Alle avtalar Ålesund kommune har med interkommunale selskap må opp til politiske behandling som følgje av IKS-lova § 4. Ålesund kommune ønskjer å få opp avtale til behandling i kommuneutval Ålesund og kommuneutval Haram innan 8. juni og kommunestyret 22. juni.

Administrasjonen i SR har avtalt med Ålesund kommune å ta opp endringar i selskapsavtalen på representantskapsmøte nr. 2-2023 (årsmøte) 9. juni. Endringane gjeld § 2 (deltakarar i selskapet) og § 7,4. ledd (om geografisk samansetting av styret).

Jf. selskapsavtalen § 7, 9. ledd tilrår styret i alle saker som skal leggjast fram for representantskapet.

Styret konkluderte med at alle deltakarkommunane må involverast i drøftinga av korleis den geografiske samansettinga av styret skal vere. Administrasjonen, styreleiar og leiar av representantskapet i SR tek eit møte for å drøfte saka og legg fram eit forslag for deltakarkommunane til uttale før neste representantskapsmøte.

### **Sak 26/23: Neste representantskapsmøte (årsmøte) 9. juni 2023**

Orientering ved rådgivar Vegard Austnes

Representantskapsmøtet vert i Sykkylven. Møtet tek til kl. 09.30 på Skaparlinken cowork. Der vert det presentasjonar ved ordføraren i Sykkylven og Sykkylven Næringsutvikling (SNU). Møtet held fram kl. 10.30 med bedriftsbesøk hos Ekornes AS, som er den største møbelprodusenten i Norden. Det vert presentasjon av bedrifta ved produksjonsdirektør Ola Arne Ramstad. Statsforvaltaren deltek for å ha dialog med

kommunane om viktige saker. Det vert årsmøtesaker med handsaming av rekneskap og årsmelding for 2022. Endringar i selskapsavtalen som følgje av kommunedeling Ålesund og Haram skal også handsamast på møtet.

Til slutt på representantskapsmøtet vert det ein times arbeidsverkstad fasilitert av Møre og Romsdal fylkeskommune om rullering av regionalt plansystem. Fylkeskommunen er i gang med rullering av det regionale plansystemet, og skal utarbeide ny regional planstrategi og ny fylkesplan.

Kommunane er ein viktig part i dette arbeidet, og fylkeskommunen ønskjer dialog både politisk og administrativt for å få til god medverknad.